

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 16/3602	Klassering:

Val av kommunenamn

Framlegg til vedtak:

1. Det vert nedsett ein namnekomité som skal leie den politiske prosessen med å føreslå namn for den nye kommunen. Komiteen skal bestå av to politikarar frå kvar kommune.
2. Komiteen får sekretærstønad frå ..
3. Komiteen får i mandat til å setja opp ein plan for prosessen med val av namn, samt til å koma med innstilling om nytt namn til den førebuaude fellesnemnda. Følgjande prosesskrav gjeld:
 - a. Arbeidet skal ta med innspel og dei forslaga som har kome fram gjennom dei ulike prosessane som allereie er gjennomførde.
 - b. Komiteen gjennomfører namneprosessen ut ifrå prinsippa for valet som presenterast i dette saksframlegget.
 - c. Komiteen får inn kompetanse på å gjennomføra slike namn- og identitetsprosessar, som har metodikk og måleverktøy for å raskt gjennomføre involvering av innbyggjarane i ein slik prosess.(tung setning)
 - d. Komiteen konkretiserer i plan for prosessen korleis innbyggjarar og næringsliv skal bli inkluderte i prosessen, basert på tilrådinga i saksutreiinga og råd frå innleigd prosesskompetanse.
 - e. Komiteen etablerer ein fagkomité som skal fungere som ei referansegruppe med noko ekspertkompetanse og med lokal forankring, som skal arbeide fram ei lita gruppe namn som skal innstillast på til fellesnemnda.
 - f. Komiteen gir si innstilling slik at den kan bli behandla i dei tre eksisterande kommunestyra før § 25-møtet.
4. Komiteen skal gi statusrapportar til møta i den foreløpige fellesnemnda.
5. Kostnadar til komiteens arbeid blir dekte av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Saksopplysningar:

Samandrag:

Kommunenamn er ein viktig identitetsberar. Namnet på den nye kommunen blir fastsett på § 25-møtet, under leiing av fylkesmannen. Dette møtet blir ikkje gjennomført før det ligg klart eit forslag til namn som er vedteke av dei tre eksisterande kommunestyra.

Proessen med val av namn på den nye kommunen er avgjerande for å sikra god tilknytning og eigarskap til namnet som blir valt. Den vil derfor inkludera aktivitetar for å sikra medverknad frå både innbyggjarar, næringsliv, samt ulike lag og foreiningar. Utarbeidinga av ein plan for korleis ein skal gjennomføra dette arbeidet blir viktig for å sikre ein slik medverknad.

Innstillinga til namnekomiteen bør først bli handsama av ein fagkomité, eit saksførebuaende utval og den førebuaende fellesnemnda, deretter i aktuelle råd og utval, komitear, formannskap og kommunestyra i dei tre eksisterande kommunane.

Saksutgreiing:

Namn på den nye kommunen er ei av sakene som blir behandla på § 25-møtet, som skaper grunnlaget for å etablere ei formell fellesnemnd.

Det har vore ein del debattar for å finne nytt kommunenamn, men det er ikkje konkludert. Debattane som har vore, har likevel gitt ei viss nyttig avgrensing i namnsetjinga. Arbeidet til komiteen skal ta utgangpunkt i dei forslaga som allereie finst og gjennomføra ein strukturert prosess for identifisera gode forslag til nytt namn på kommunen. Føremålet er å skapa ei brei involvering for å finna eit namn som flest mogleg av innbyggjarane kan identifisera seg med. Innbyggjarar og næringsliv skal derfor bli inkluderte i prosessen. I prosessen med å utarbeida ei innstilling, tilrår vi at komiteen skaffar ekstern bistand som har kompetanse på slike prosessar og som har kartleggingsverktøy for gjennomføring. Dette er for å sikra at prosessen blir gjennomført på ein rask og kompetent måte.

Vi tilrår også at komiteen utnemner ein fagkomité som blir sett saman av eksempelvis ein historikar med lokalkunnskap, språkkyndig kompetanse innan namneval, samt representantar for ungdom, eldre, og næringsliv i kommunane. Fagkomiteen utarbeider ei innstilling til komiteen basert på det arbeidet dei gjer.

Det er forventa at dei som yter ekstern bistand til komiteen gjennomfører ei kartlegging av kva innbyggjarane i dei tre kommunane assosierer med kommunen sin, og andre perspektiv på kva som kjenneteiknar kommunane. Denne informasjonen skal ein deretter føra saman med det som tidlegare debattar har avdekkja. Basert på dette må fagkomiteen koma med ei innstilling som gjer greie for 3-5 namn som er aktuelle. Fagkomiteen må i innstillinga også koma med ei klar tilråding til kva namn dei meiner komiteen bør innstilla og arbeida vidare med i den politiske handsaminga.

Ein må gjennomføra prosessen slik at forslaget frå den førebelse fellesnemnda blir sendt til behandling i kommunane tidsnok til at ein kan gje ei forsvarleg handsaming av saka i dei relevante kommunale organa. Det vil seie at det skal vera tid til å handsama komiteen sitt forslag først i det saksførebuaende utvalet og den førebelse fellesnemnda, deretter i aktuelle råd og utval, komitear, formannskap og kommunestyre i dei tre kommunane. På bakgrunn av dette bør ein handsama namnevalet i den førebuaende fellesnemnda den 15. mai.

Vurderingar:

Kommunenamnet er ein viktig identitetsberar og bør koma fram som eit resultat av ein inkluderande prosess blant innbyggjarar og næringsliv. God og rask framdrift i arbeidet er avgjerande, ettersom inndelingslova stiller krav om at namnet skal vera vedteke i kommunane før ein kan handsama det i § 25. Gjennomføringa av § 25-møtet er avgjerande for framdrifta i den vidare prosessen, noko som stiller store krav til gode og strenge prioriteringar i arbeidet som komiteen skal gjennomføra.

Økonomiske konsekvensar:

Komiteen sitt arbeid vil føra med seg enkelte utgifter, til dømes honorering av komitémedlemmane, fagkomitémedlemmane og den eksterne kompetansen. Vi foreslår derfor i denne saka å sette av eit budsjett på kroner 200.000 til utvalet sitt arbeid. Dette skal dekkja alle utgifter. Arbeidet som blir gjort i denne prosessen kan ein også leggja til grunn for arbeidet i andre komitear, som skal arbeida med identitetsberande element.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost